



Tokke kommune
Storvegen 60
3880 DALEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Pernille Bechmann, 33372310

Løyve – Mudring – gbnr. 22/72 – Brygga på Dalen – Tokke kommune

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gir Tokke kommune løyve, etter forureiningsregelverket, til å mudre inntil 3 000 m³ frå eit areal på 1 000 m² ved Brygga på Dalen , gbnr. 22/72 i Tokke kommune.

Vedtaket er gitt med heimel i forureiningslova §§ 11 og 16 og forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1.

Løyvet gis på vilkår angitt i dette brevet og er gyldig i to år frå dags dato.

Fristar

- Varsle oppstart før arbeida startar.
- Rapportere om utført arbeid innan seks veker etter at tiltaket er fullført.

Søknaden

Tokke kommune søkte 21.09.2021 om løyve etter forureiningsregelverket til å fjerne ein steinmolo med areal på 1 000 m² og volum på 3 000 m³. Arbeidet skal utførast ved brygga på Dalen, gbnr. 22/72 i Tokke kommune.

Formålet med å fjerne massane er å erstatte eksisterande molo med flytebrygge. Arbeidet skal utførast med gravemaskin frå land. Steinmassar som har sokke ned i sjøbotn skal ikkje bli fjerna. Det er søkt om å bruke 1 200 m³ av massane til å etablere parkeringsplass og å lagre resten på kommunalt industriområde for seinare nyttegjering som utskiftingsmasse på kommunal veg.

Det er ikkje tatt prøver av moloen fordi denne består av grove steinmassar og det skal ikkje gravast ned i sjøbotnen.

Uttale frå andre instansar

Tokke kommune har, i brev datert 05.11.2021, uttalt at tiltaket er i tråd med gjeldande regulering av området.



Førehandsvarsling og offentleg høyring

Søknaden ble førehandsvarslet til parter i saka og andre som det gjeld og lagt ut til offentleg høyring på Statsforvaltarens nettsider, jf. §§ 36-6 til 36-8 i forureiningsforskrifta. Høyringsfristen var 31.01.2022.

Vi fekk inn to merknader, frå Fiskeridirektoratet region Sør og Norsk Maritimt Museum.

Fiskeridirektoratet hadde ingen vesentlege merknader til tiltak som er søkt om etter forureiningsregelverket.

Norsk Maritimt Museum viste til bestemmingane om stans- og meldeplikt ved mistanke om eventuelle funn av kulturminne under anleggsarbeida samt det avgrensa kulturlagsområdet i nærleiken av steinmoloen som skal fjernast.

Lovgrunnlag

Statsforvaltaren er delegert styresmakt for mudring i sjø og vassdrag når tiltaket skjer frå land (Miljødirektoratet rundskriv T-3/12, 2012).

Med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 kan forureiningsstyresmakta gi løyve med vilkår til verksemd som kan medføre forureining. Når forureiningsstyresmakta avgjer om løyve skal bli gitt og fastsett vilkår, skal det leggast vekt på forureiningsmessige ulemper ved tiltaket samanheldt med dei fordeler og ulemper tiltaket elles vil medføre. Krava i vassforskrifta §§ 4 - 6 og naturmangfaldlova kapittel 2 leggast til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøving etter forureiningslova.

Dette tiltaket faller også inn under forskrift om fysiske tiltak i vassdrag § 1, som seier at «*Utan løyve (...) er det forbudt å sette i verk: a) fysiske tiltak som medfører eller kan medføre fare for forringelse av produksjonsmulighetene for fisk eller andre ferskvannsorganismer (...)*». Statsforvaltaren kan gi løyve til dette i vassdrag som fører anadrom laksefisk eller truga ferskvassarter, jf. § 2.

Brudd på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Løyvet kan seinare bli endra i samsvar med forureiningslova § 18. Endringar skal være basert på skriftleg saksbehandling og endringssøknad må føreligge i god tid før endring er ønska gjennomført.

At forureininga er tillate hindrar ikkje erstatningsansvar for skade, ulempe eller tap forårsaka av forureininga, jf. forureiningslova § 56.

Statsforvaltarens vurdering

Forureining

Moloen som skal fjernast består av sprengt stein metta med finare knust masse i overflata (ca. 60 m³), samt stolpar av impregnert treverk. Fordi massane i moloen er så grove, det ikkje er mistanke om forureining i topplaget og det ikkje skal gravast i sjøbotnen, er det ikkje tatt prøver.

Grove steinmassar er vurdert som reine og Statsforvaltaren tillet gjenbruk av massane til å etablere parkeringsplass og leggeplass for tømmer ved Fv 450 i Skafsåberget og til masseutskifting på kommunal veg sommaren 2022. Massane vil erstatte deler av behovet for andre massar til formåla og vi vurderer massedisponering som nyttiggjering, jf. forureiningslova § 32. Stolpar av impregnert trevirke skal leverast til godkjent avfallsanlegg.



Vi legg til grunn at det ikkje skal gravast i sjøbotn og at massane som skal fjernast i tiltaket er grove, som opplyst i søknaden. På denne bakgrunnen vurderer vi tiltaket til å utgjere svært liten fare for spreiling av partiklar.

Naturmangfaldlova

Tiltaket omfattar fjerning av ein steinmolo. Det er ikkje registrerte naturverdiar, verneområde eller gytteområde i eller i nærleiken av tiltaksområdet.

Det er fleire registreringar av den rødlista arten taksvale som hekkar i området. Bandak har ei særskilt sårbar stamme av storaure, som har høg verneverdi.

Det er registrert eit statleg sikra friluftslivsområde under 200 m vest for tiltaksområdet.

Etter Statsforvaltarens vurdering oppfyller kunnskapsgrunnlaget dei krav som er stilt i naturmangfaldlova § 8 for å kunne fatte vedtak i saka.

Taksvaler hekker ofte på lokalitetar med mykje menneskeleg aktivitet og støy og er ikkje forventa å bli nemneverdig påverka av tiltaket.

Deltaområdet i Dalen er eit svært viktig leve- og oppvekstområde for storaure, og alle tiltak her må vere strengt avgrensa. Kommunen har sjølv beskrive at tiltaket ikkje vil føre til spreiling av partiklar. Vi legg det til grunn, men påpeker at det av omsyn til storaure er viktig at tiltaket ikkje fører til at finsediment blir virvla opp.

Når tiltaket blir gjennomført etter vilkår i løyvet, forventar vi ikkje auking i den totale belastninga på økosystemet, jf. naturmangfaldlova § 10. Statsforvaltaren vurderer ikke tiltaket til å utgjere ein vesentleg fare for at forvaltningsmåla for naturtypane og artene som lever der ikkje blir oppnådd, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Etter Statsforvaltarens vurdering føreligger det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og verknadar på naturmangfaldet. Føre- var-prinsippet kommer dermed ikkje til bruk, jf. naturmangfaldlova § 9.

Tiltakshavar skal dekke kostnadene ved å hindre eller redusere skade på naturmangfaldet som tiltaka fører med seg, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå karakter ved tiltaket og skaden, jf. naturmangfaldlova § 11.

Tiltaket må bli utført på mest mogleg skånsam måte for å hindre spreiling av partiklar, jf. naturmangfaldlova § 12. Det skal også tas særleg omsyn til andre forhold som kan virke reduserande på spreiling, medrekna vurdering av straum og værforhold.

Lov om laksefisk og innlandsfisk

Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag er heimla i lakse- og innlandsfiskloven, og skal sørge for at det ikkje skjer skade på fisk og andre ferskvassarter. Omsyn til storaure er vurdert ivaretatt gjennom krav om skånsam gjennomføring.



Vassforskrifta

Tiltaksområdet ligg i vassførekomen Bandak (VassførekomstID 016-22-L) som er ein stor, kalkfattig, klar og djup innsjø. Vassførekomen er registrert med god økologisk tilstand og udefinert kjemisk tilstand og utan risiko for å ikkje oppnå miljømålet i perioden 2022-2027.

Tiltaket utgjer ikkje risiko for å forringje vassførekomen eller å ha negativ påverking på arbeidet for å nå miljømål for vassførekomen i vesentleg grad, jf. vassforskrifta § 4. Å fjerne moloen kan bidra til betre vassutskifting inne i hamna.

Andre forhold

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaket ved oppstart har dei nødvendige løyver/vurderingar etter anna relevant lovverk. Det er tiltakshavar som har ansvar for å sikre at det aktuelle området har tilfredsstillande stabilitet slik at tiltaket ikkje medfører utgliding av grunn eller sjøbotn.

Vi vurderer støy frå anleggsarbeidet til å ikkje medføre nemneverdig ulempe når arbeida ikkje gjennomførast i perioden 15. mai til 15. september. Statsforvaltaren set ikkje spesifikke støykrav.

Konklusjon

Statsforvaltaren har vurdert negative konsekvensar for miljøet og naturverdiar opp mot dei fordeler tiltaket vil medføre, jf. forureiningslova § 11.

Tiltaket er vurdert ikkje å forringje vassførekomen i vesentleg grad og sannsyn for negativ påverking på naturmangfaldet er vurdert som liten. Å fjerne moloen og erstatte med flytebrygge vil kunne betre vassutskiftinga i hamna og oppretthalde 50 båtplassar.

Statsforvaltaren gir på denne bakgrunn løyve til tiltaket det er søkt om.

Løyvet er gitt med følgande vilkår:

1. Løyvet gjeld fjerning av molo ved brygga på Dalen, gbnr. 22/72 i Tokke kommune som vist på kart vedlagt søknaden. Ramma er 3 000 m³ innafor areal på 1 000 m². Det skal ikkje gravast i sjøbotn.
2. Tiltaket skal gjennomførast på ein skånsam måte for å redusere spreiing av partiklar. Det omfattar mellom anna vurdering av vindforhold, bølger, straum og val av maskinar og metode for graving og transport.
3. Steinmassane skal brukast til å etablere parkeringsplass og leggeplass for tømmer ved Fv 450 i Skafåberget og til masseutskifting på kommunal veg. Impregnert trevirke og anna som ikkje er reine steinmassar skal leverast til godkjent avfallsanlegg.
4. Tiltak skal ikkje gjennomførast i perioden 15. mai til 15. september av omsyn til naturverdiar samt frilufts- og rekreasjonsinteresser.
5. Tiltakshavar skal varsle oppstart før arbeida startar. Det kan varslast med ein enkel e-post til sfvtpost@Statsforvaltaren.no
6. Det utførte arbeidet skal rapporterast til Statsforvaltaren innan seks veker etter at tiltaket er fullført. Rapportering skal gjerast i eget rapporteringsskjema som kan finnast under «skjema og tjenester» på heimesida til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.
7. Løyvet gjelder i to år frå dags dato.
8. Tiltakshavar plikter å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som denne gir fullmakt, føre tilsyn med anlegga til kvar tid, jf. § 50 i forureiningslova. Løyvet må kunne førevisast ved tilsyn.

**Nøkkeldata**

Bedrift	Tokke kommune
Postadresse	Storvegen 60, 3880 Dalen
Org. nummer (bedrift)	974 641 135
Plassering	Storvegen 8, 3880 Dalen
Kommune og fylke	Tokke i Vestfold og Telemark
Gards- og bruksnummer	22/72
Lokalisering av anlegg	UTM sone 32, aust: 444582, nord: 6589941

Statsforvaltarens referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2022.0253.T	3824.0036.01	2021/8549

Løyve første gang gitt: 28.03.2022	Løyve sist revidert med heimel i fl. § 18 tredje ledd:	Løyve sist endra:
---------------------------------------	---	-------------------

Klagerett

Vedtak om løyve kan klagast på av sakens parter eller andre med rettsleg klageinteresse **innan tre veker** frå melding om vedtaket er mottatt. Ei eventuell klage skal angi kva de klagar på og kva de ønskjer å endre. Klagen bør innehalde ei grunngjeving, og andre opplysningar av betydning for saken bør inngå.

Ei eventuell klage skal sendast Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Klageinstansen er Miljødirektoratet.

Med helsing

Siv Hege Wang Grøvo
fagsjef

Pernille Bechmann
rådgjever

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Kim Andre Gravdal Norsk Ornitoligisk Forening avdeling Telemark Forum for Natur og Friluftsliv i Telemark Norsk Maritimt Museum STATKRAFT ENERGI AS Runa Ravin Søstrand Statens naturoppsyn	Gamleberg 14 Postboks 1076 Gimsøy Postboks 3089 Postboks 720 Skøyen Postboks 200 Lilleaker Kjerreveien 9 Postboks 5672 Torgard	3880 DALEN 3719 SKIEN 3707 SKIEN 0214 OSLO 0216 OSLO 1676 Kråkerøy 7485 TRONDHEIM
---	--	---



VESTFOLD OG TELEMARK FYLKESKOMMUNE	Postboks 2844	3702	SKIEN
Marit Vistad	Stokke Ravei 784	3160	STOKKE
Naturvernforbundet i Telemark	Fogtegata 19	3936	PORSGRUNN
Simen Lien	Gamleberg 28	3880	DALEN
Inger Helen Hovden Aas	Gamleberg 22	3880	Dalen
Øystein Skjolden Aas	Gamleberg 22	3880	Dalen
Fiskeridirektoratet - region sør	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Aleksander Davidsen	Gamleberg 10	3880	DALEN
Mari Fiskum	Nestestogvegen 4	3880	DALEN
Norges Jeger- og Fisker forbund avdeling Telemark	Bøgata 8	3800	BØ I TELEMARK
Naturvernforbundet i Telemark			
Gunhild Klara Bergve	Tokke Omsorgssenter, Revahaugvegen 6	3880	Dalen
DALEN MEKANISKE AS	Postboks 24	3886	DALEN
Haavard Magne Aasen	Sentrumsvegen 6 A	2860	Hov
Sigmund Arne Vistad	Stokke Ravei 784	3160	Stokke
ESSO NORGE AS	Essoveien 100	3153	TOLVSRØD
Øyvind Hallgrim Lillegård	Gamleberg 16	3880	Dalen
Tone Storøygard	Storvegen 35	3880	Dalen